

Strategiseminar i samarbeid med Institutt for statsvitenskap om dagens internasjonale politiske situasjon:

## Bryt den liberale verdsorden saman? Kva for politiske, økonomiske og militære utfordringar står vi overfor?

Det er eit auka behov for å forstå politisk dynamikk og trender som pregar marknad og politikk. Både statlege og ikkje-statlege aktørar tek i bruk nye makt- og påverknadsmidlar som krev politisk, økonomisk og militær innsikt for å kunne analysere og forstå. Det er behov for ei ny heilhetleg analyse av politisk risiko.

**Tid:** Tirsdag 10. april, 2018 kl. 08:00–10:30

**Stad:** Hovedbølet, Akersgata 64-68, Oslo

**Påmelding:** [partnerforum.uio.no](http://partnerforum.uio.no)

### Program

08:00 Registrering og frukostservering

08:30 Velkommen ved Partnerforum sitt sekretariat

- *Væpna konflikter i endring*  
**Sverre Diesen**, general og tidligare forsvarssjef
- *Europas nye utfordringer – migrasjonskrise, Brexit og re-nasjonalisering*  
**Janne Haaland Matlary**, professor i statsvitenskap, UiO
- *Nye handelskonflikter mens EUs fellesinstitusjonar er under press*  
**Ola Storeng**, økonomiredaktør, Aftenposten
- *Geopolittikk og endrede vilkår for regional og statlig stabilitet*  
**Øyvind Østerud**, professor i statsvitenskap, UiO
- Diskusjon med innspel frå salen, leia av **Ola Storeng**

Ca. 10:30 Slutt

### Om bakgrunnen for seminaret

På få år er verda sterkt forandra fra ein antatt 'win-win' globalisering av marknadøkonomi og demokrati til ein ustabil og risikofylt situasjon prega av rivalisering mellom stormakter, svekking av vestleg makt, krig og konflikt i Europa sine randområder, global terror og cyberangrep.

Klimautfordringa er på veg opp på dagsordenen. Valet av Donald Trump som amerikansk president betyr større global usikkerheit både økonomisk og sikkerhetspolitisk. Samstundes er verdsøkonomien i sterk endring, og den globale orden som blei etablert i 1945 under press. Asia leda an av Kina og India er i ferd med å bli eit nytt globalt tyngdepunkt. Slike tyngdeforskyvningar har i tidligare historiske epoker ført til ein defensiv holdning frå tidligare dominerande makter, mens makter i fremgang gjør krav på sterkere innflytelse.

Til forskjell frå før er stater og selskaper i dag ekstremt sårbare overfor kvarandre fordi dei er så tett knytt saman. Difor er det viktig at ein forstår dei politiske dynamikkane og trender som vil prege både marknad og politikk framover. Næringslivet er sjølv ekspert på marknadsrisiko, men manglar ofte kompetanse på politisk risiko. Vår erfaring er at det er behov for ei heilhetleg analyse av politisk risiko fordi politiske konflikter stadig blir meir komplekse, både mellom og innan



stater. Både statlege og ikkje-statlege aktørar tek i bruk nye makt- og påverkningsmidler som krev både politisk, økonomisk og militær innsikt å analysere og forstå.

## Om innleiarane

**Sverre Diesen** er general og tidligare forsvarssjef (2005-2009) og utdanna sivilingeniør fra NTNU. Han er forskar ved Forsvarets Forskningsinstitutt der han arbeider spesielt med spørsmål knytta til cyberkrigføring og langsiktede framtidsanalyser. Han dekker den rolla militære maktmidler spelar i internasjonal politikk i dag, herunder avskrekking av konflikt som hva slags væpnede konflikter som dominerer bildet der militærmakt tas i bruk. I innlegget sitt ser han på korleis uinnskrenka bruk av militære midler for å nå politiske mål er blitt stadig mindre anvendelig, til fordel for strategiar som kombinerer begrenset bruk av militærmakt med andre makt- og påvirkningsmidler.

**Janne Haaland Matlary** er professor i statsvitenskap, Universitetet i Oslo og professor II ved Forsvarets Stabsskole. Ho var statssekretær i Utenriksdepartementet 1997-2000 og har medverka i ei rekke nasjonale og internasjonale råd og utvalg. Ho er ekspert på utanriks- og sikkerhetspolitikk, EU og NATO. Matlary vil analysere situasjonen i Europa som er prega av krisa i EU grunna migrasjon, Brexit og re-nasjonalisering og sjå på korvidt vi kan forvente at den politiske stabiliten i vår region vil vare.

**Ola Storeng** er samfunnsøkonom og har dei siste 15 åra vært økonomiredaktør i Aftenposten, og vist ei særleg interesse for internasjonale spørsmål. Storeng har vært ansatt i Olje- og Energidepartementet, avdelingsdirektør i Finansdepartementet, ambassaderåd ved Norges delegasjon til OECD i Paris og «project officer» i Verdensbanken i Washington. Storeng dekker verdsøkonomien. Når USA sitt økonomiske hegemoni vert utfordra av Kina, auker fara for handelskonflikter. Europa har møtt tretti år med høg arbeidslause med å bygge felles marknader og felles institusjonar. Desse er no er under press, og stater med høg gjeld vil snart få auka problem grunna eldrebølga.

**Øyvind Østerud** er professor i statsvitenskap, Universitetet i Oslo og var preses i Norske Videnskaps-Akademi i 2009-2011. Han leia Makt- og demokratiutredningen 1998-2003 og har hatt bistillingar ved Forsvarets Forskningsinstitutt og Forsvarets Stabsskole. Østerud er ekspert på geopolitikk og vilkår for regional og statleg stabilitet. Han vil belyse konkrete endringar i det internasjonale konfliktmønsteret, grunnlaget for at mange stater og regionar er svært sårbare, og kva for konsekvenser dette har.

## Om arrangørene

[Partnerforum](#) er eit samarbeid mellom Universitetet i Oslo, Handelshøyskolen BI og statlege verksemdar. Vi er 21 partnarar som samarbeider om å lage arrangement om tema som er aktuelle for statsforvaltninga og det breie offentlege rom. Partnerforum lagar årleg ca. 11 fellesarrangement og eitt seminar for kvar partnar. I fjor bidrog 70 innleiarar for ca 2000 deltakarar på 18 arrangement.